
Saksnr:	2023/34837-14
Saksbehandlar	Jostein Aksdal
Dato:	11.04.2023

Til: Lasse Klæboe Kristensen

Frå: Jostein Aksdal, Peter Forras

Kulturminne og kulturmiljø - motsegn til Austevoll kommuneplan

Fylkeskommunen sitt mynde

Fylkesdirektøren har mynde til fremje motsegn til tema i arealplanar som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad for myndeområda fylkeskommunen skal ivareta. Fylkesdirektøren har delegert myndet vidare til avdelingsdirektør for Kultur og folkehelse for motsegn i plansaker som har vesentleg negativ verknad på regionale og nasjonale kulturminneverdiar. Motsegnsretten er i medhald av Vestland fylkeskommune sitt reglement for folkevalde organ og delegering datert 08.12.2022, avsnitt 41 om lov om planlegging og byggesaksbehandling.

Administrativ motsegn

Motsegnene er knytt til vesentleg negativ verknad for myndeområde som fylkeskommunen skal ivareta. Motsegnene vert fremja med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 og etter vurderingar i tråd med Rundskriv T-2/16 punkt 2. Kulturmiljøa er av nasjonal verdi (punkt 2 a), og konsekvensane er av ein slik karakter at motsegn er naudsynt for å ivareta kulturmiljøinteressene (punkt 2b).

Vestland fylkeskommune har motsegner til følgjande punkt

- **Føresegner:**

Motsegn til føresegner §2-40 Bandleggingssone - automatisk freda etter kulturminne (H730) Føresegner og retningslinjer endra etter vedtak i kommunestyret 26.januar 2023, kommuneplanen si føresegn § 2- 40 slik den er formulert i kommuneplanen sine reviderte føresegner er ikkje tilstrekkeleg avgrensa opp i mot lovverk og krav til prosess.

Motsegn fell bort når føresegn vert retta til:

«Kulturminne frå før reformasjonen er automatisk freda kulturminne. Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verka inn på de automatisk freda kulturminna innafor omsynssone H730, er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. En eventuell søknad om løyve til inngrep i et automatisk freda kulturminne eller inngrep som kan ha verknad på kulturminna, skal sendast til fylkeskommunen i god tid før arbeidet er planlagt igangsett.»

- **Føresegn § 2-13 Landbruk, natur og friluftsliv (2 c i-iii), § 2-14(3, 12)**

Det er knytt motsegn til bruken av LNFR – spreidd for områda (tabell). Føremålet med LNFR spreidd er at utbygging skal kunne skje som enkelsakshandsaming. Konsekvensutgreiinga for kommuneplanen viser til potensiale for konflikt med automatisk freda kulturminne. Er tilhøvet til anna lovverk, sektorlovgeving ikkje avklart, er det ikkje høve til å nytta LNFR spreidd. Kulturminnevernet som sektorlovgeving skal vera avklart i forkant av all arealbruk.

Fylkeskommunen har motsegner til føresegnene § 2-13 (c, e), 2-14 (underpunkt (3) og (12) grunna manglande avklaring av vurdering av sektorinteresser for LNFR – sprett bebyggelse ut i frå vurderingar gjort i konsekvensutgreiinga.

KPA nr	Arealforslag	Arealstorleik	volum	Potensial vurdering KU
36	36. Eido LNFR spreidd bustad	19504 kvm	5	KU
45	45. Blæsnes LNFR spreidd bustad	99719 kvm		KU
59	59. Storebø LNFR spreidd bustad	729333 kvm	5	KU
101_030	Endre formål frå spreidde bustadar og naust	59538 kvm	5	KU
0104_006	Stolmen -endre formål	38196 kvm	10	KU
0104_015	LNF-spreidd bustad til fritidsbustader - Hevrøy	16177 kvm		KU
0106_012	Spreidde bustader til fritidsbustader	14347 kvm	2	KU
0201_010	LNF til fritidsbustad, reduksjon av akvakultur sjø	100814 kvm		KU
0202_025	LNF spreidd til bustad	12486 kvm	4	KU

Motsegn fell bort når arealbruk og føresegn er retta til at der konsekvensutgreiinga viser til potensiale for konflikt med automatisk freda kulturminne, må det leggest til grunn krav om detaljregulering. Lovverket opnar og opp for avtale om kulturminnefagleg registrering av områda etter avtale med kommunen, i så fall må dette visast i føresegnene.

- **Manglande føresegn for mellomalder kyrkjestader**

Det må vera knytt eiga føresegn til kyrkjestader og gravplassar frå mellomalder som framleis er i bruk. Kulturminna Askeladden Id 83826 og 222498 er automatisk freda mellomalderkyrkjestad. Arealet er bandlagt etter kulturminnelova § 4, jf. § 6. Det må slik knytast føresegn til Austevoll gamle kyrkjestad og Møkster gamle mellomalder kyrkjestad, h.v. Id 83826 og 222498. Plankartet viser desse som omsynssone d, SOSI-kode H730, sjølv om Møkster gamle kyrkjestad ikkje er i bruk som gravplass.

Innanfor mellomalderkyrkjestader som er i bruk er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Det er ikkje tillate å gjere andre inngrep i grunnen, eller setje i gong tiltak som kan verke inn på den automatisk freda kyrkjegarden, med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova. Planlegging av tiltak i omgjevnadane må ta omsyn til kyrkjestaden, og leggest fram for regionale kulturminnemynde.

Motsegn fell bort når føresegna tek inn krav omsyn til kulturminna.

«Mellomalderkyrkjestaden Austevoll gamle kyrkjestad Id 83826 som er i bruk er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Kyrkjestaden Møkster gamle kyrkjestad er ikkje lenger i bruk. Det er ikkje tillate å gjere andre inngrep i grunnen, eller setje i gong tiltak som kan verke inn på den automatisk freda kyrkjegarden, med mindre det ligg føre dispensasjon frå kulturminnelova». Planlegging av tiltak i omgjevnadane må ta omsyn til kyrkjestaden, og leggest fram for regionale kulturminnemynde.»

- **Omsynssone H570**

Fylkeskommunen fremjar motsegn til føresegn § 2-37 Omsynssone for kulturmiljø (H570) ut i frå at føresegna ikkje skil mellom omsynssoner med lokale og nasjonale omsynstakande. Føresegnene opnar og opp for tiltak etter søknad, men kommuneplanen har ikkje eige kunnskapsgrunnlag for vurdering av verdi og krav til omsyn jf. Plan og bygningslova §11-8 2. ledd

Motsegn vert trekt når Austevoll kommune har utarbeidd eiga liste over H570 sonene i kommuneplanen. Ei liste som definerer omsynssona sine verneobjekt og verdi.

- **Arealbruk i kommuneplanen**

- **«4. Nordre Årland. Bustad»**

Vestland fylkeskommune finn at framtidig arealbruk er i konflikt med nasjonale mål i kulturminnepolitikken, tiltak vil verka utilbørleg skjemma på kulturlandskapet lokaliteten ligg i og det er potensial for ytterlegare funn. Me fremjar slik motsegn til endringsforslaget. Motsegn vert trekt når kommuneplanen viser daldraget som LNFR med overliggande vernesone.

Motsegn fell bort når ein reduserer bustadareal til alt godkjent arealbruk vist i gjeldande kommuneplanplan.

- **«6 Møkster Fritidsbustader»**

Vestland fylkeskommune finn at framtidig arealbruk er i konflikt med nasjonale mål i kulturminnepolitikken, tiltak vil verka utilbørleg skjemma på kulturmiljøet lokalitetane ligg i. Det er og potensial for ytterlegare funn. Fylkeskommunen fremjar slik motsegn til endringsforslaget.

Motsegn fell bort når arealbruksføremålet er tatt ut av kommuneplanen sin arealdel.

- **«8 Molo til Heggjevikskjeret og naust og fritid- og turistføremål langs på molo og på land.»**

Vestland fylkeskommune finn at framtidig arealbruk er i konflikt med nasjonale mål i kulturminnepolitikken, tiltak vil verka utilbørleg skjemma på lokalitetane som er kjent. Det er og potensial for ytterlegare funn. Fylkeskommunen fremjar slik motsegn til endringsforslaget.

Motsegn fell bort når arealbruksføremålet er tatt ut av kommuneplanen sin arealdel.

- **«11. Møkster. Bustad, fritidsbustad og naust»**

Vestland fylkeskommune ser at slik endringsgrensa ligg føre vil ei arealgrense opne for tiltak som kan utilbørleg skjemma det automatisk freda kulturminnet id 25766. KU viser samla vurdering og til sterk negativ verknad. Vestland fylkeskommune finn at framtidig arealbruk er i konflikt med nasjonale mål i kulturminnepolitikken, tiltak vil verka utilbørleg skjemma på lokalitetane som er kjent. Det er og potensial for ytterlegare funn.

Motsegn fell bort når arealbruksføremålet vert ståande uendra til slik det er i gjeldande kommuneplan.

- **«Justering og endring av eksisterande LNFR spreidd på Møkster (Id 0102_010)»**

- A. Austevoll kommune har endra eksisterande LNFR spreidd på Møkster (Id 0102_010) både i utstrekning men og til arealbruksføremål Bustad. Endringa kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne Id 222498 og Id 6690. Forslag til kommuneplanen sin arealdel er heller ikkje i tråd med tilrådingane i kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø i Austevoll kommune 2016- 2028, der det vert vist til trong for omsynssone H570.

Motsegn fell bort når kommuneplanen sine grense er justert for å unngå direkte konflikt. Kommuneplanen må og få omsynssone H570 med føresegner knytt til dei automatisk freda kulturminne

- B. Austevoll kommune har endra eksisterande LNFR spreidd på Møkster (Id 0102_010) både i utstrekning men og til arealbruksføremål Bustad. Endringa kjem i konflikt uavklart kulturminnelokalitet Id 118555.

Motsegn fell bort når arealbruksføremålet er justert i høve til avgrensinga vist i den nasjonale kulturminnedatabasen.

- **Stolmavågen/Våge/Stangeland (3, 4, 57, 68, 0104_006, 0104_038, 0104_040, og 0104_042)**

Vestland fylkeskommune finn at den samle verknaden av planlagd arealbruk i området kan føre til konflikt med regionale kulturmiljøverdiar. Stolmavågen og omkringliggjande bygningar og miljø på Våge er eit svært godt bevart heilskapleg kulturmiljø som syner tettstadsdanning, bustadar, og byggjemønster i dei større sjøbruksmiljøa. Foreslått omsynssone H570 for bevaring av kulturmiljø femner berre om sjøhusa i Stolmavågen. Arealforslaga legg opp til utvikling av eit bygdesentrum og nye bustadar i området utan ein føremålstenleg arealplan som kan sikra regionale kulturmiljøinteresser i området. PBL § 11-5 og §11-8 stillar som krav at det i samband med arealdisponeringa i nødvendig utstrekning skal visast korleis viktige omsyn vert ivaretekne. Det er knytt motsegn til arealforslaga fordi dei opnar for tiltak som ikkje er koordinert og som samla kan gi stor negativ verknad på regionale kulturmiljøinteresser. PBL §11-9 heimlar at kommunen kan vedta føresegn om at det stillast krav til områdereguleringsplan for visse areal og visse typar tiltak.

Motsegn fell bort når det vart stilt krav om ein områdereguleringsplan i kommuneplanens arealdel som femner om alle arealforslaga.

Særskilte merknader til kommuneplanen

- Vestland fylkeskommune viser til at tilhøvet til automatisk freda kulturminne kan avklarast allereie på kommuneplannivå, men berre for arealføremålet *bebyggelse og anlegg*. Normalt blir forholdet først avklart gjennom behandling av reguleringsplanar eller byggesak. Når forvaltninga ikkje har gjennomført arkeologiske registreringar i areala omfatta av kommuneplanen må regionalt kulturminnemynde ta atterhald om ny arealbruk i kommuneplanen sin arealdel inntil jf. Kulturminnelova §§ 3, 9 og 11. Knytt til pbl. § 11-9, 8. om «forhold som skal avklarast i vidare reguleringsarbeid.».
- Omsynssona på Krosshamn synest vera feil, objektet er registrert i Askeladden som hamn frå nyare tid, hamn og båtfeste, men er i KPA vist som H730 (Objekt id 1352).
- Stolmen kyrkje, Kvalvåg og steinalderlokalitetane i området, vernesona må dekke inn areal for lokalitet Id 97229, denne er vist som H730-74, men må og vera del av H570 ved Kvalvåg. Området kring Kvalvåg med arealforslag (0104_047) må og sjåast i lys av bevarte samanhengar mellom sjøhusa i vågen og bustadmiljøet Sørvika og mot Sætrevika. Staden har svært godt bevarte sjøhus, bustadar og kyrkje, og ein klår leseleg samanheng mellom dei ulike elementa i kulturmiljøet.
- Kommuneplanen må vise spesialområde vern i området rundt fornminne Id 133630, 133624, 133635 i reguleringsplan «Reguleringsplan for Møkster del av 23 bnr 7, 18,20) som omsynssone H570.
- Gravrøysene Id 6689 og Id 66701 opp frå Leirvågen på Hille må leggst inn i eit samanhengande H570 område som går ned til vågen.
- Gravrøysene 6685-1, 45729, 36147-1 i Steinnesvika må leggst inn i eit samanhengande H570 område.
- Det må ligga ei samanhengande H570 sone over samlinga av steinalderbuplassane id 97201-1, 97202-1, 97203-1 og 97204-1 på Austreholmen.
- Det må leggst ei samanhengande omsynssone over dei registrerte steinalderlokalitetane id 97197-1, 97196-1, 97195-1, 97199-1 på Haugland.

- Omsynssona ved Økshammaren fyrstasjon som er vedtaksfreda har fått feil koding. Omsynssone H730 viser automatisk eller vedtaksfreda og avgrensinga er feil i høve til Askeladden.
- Kongsfjellet med gravrøysene 6687-1, 45731-1, 6686-1, 66700-1 må få ei samanhengande omsynssone H570.
- Sjøbruksmiljø:
 - a) Litlakalsøy. Arealforslag 0104_053 må sjåast i samanheng med foreslått omsynssone for sjøbruk/naustmiljø. Her er samanhengar mellom fleire sjøhus frå 1800- og 1900-talet, bustadar, ferdsleårar og hamn. H570-sona bør utvidast for å verne om heilskapen i miljøet.
 - b) Møkster. Arealforslag 0102_010 må sjåast i samanheng med foreslått omsynssone for sjøbruk/naustmiljø. H570-sona bør utvidast for å verne om heilskapen i miljøet.
 - c) Øklandsvågen og Ølnavågen er eit sjøbruksmiljø med bevarte samanhengar med bustadar, landskapselement og gardsstrukturar. Dei foreslått H570-sonane bør utvidast og slåast saman for å verne heilskapen i miljøet.
- Kulturlandskap:
 - a) Arealendringsforslag nr. 59 på Storebø legg opp til endring frå LNFR til LNFR spreidd bustad. Areal som ikkje er bygd på bør takast ut, som tilrådd i KU. Endringa kan føre til vesentleg endring av kulturlandskap og element knytta til tunskipnadar. Området bør få ein H570-sona som vernar ein større del av kulturlandskapet enn i foreslått.
 - b) Kolerakyrkjegarden på Storakalsøy bør få ein noko større omsynssone slik det ikkje vert gjort ytterlegare skjemmaende tiltak nær kyrkjegarden. Kolerakyrkjegardar har regional interesse fordi det er tett knytta til sjøbruka og fiskeriverksemda ved kysten.
 - c) Fagerbakke. Arealforlag 0106_050 opnar for bustad i eit heilskapeleg kulturlandskap med bevarte historiske strukturar, SEFRAK-bygg, tunskipnadar og er nær sjøbruksmiljøet i Fagerbakkevågen. Dette arealet saman med 0105_023, 0105_021 og 53 kan med fordel utviklast gjennom ein områdereuleringsplan som kan legge dei høge kulturmiljøverdiane som premiss for utviklinga.

Generell merknad til sjøbruksmiljøa og regional interesser på kulturmiljøfeltet

Regional kystsonenplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er ein regional arealplan som gjeld for Austevoll. Planen legg til grunn at kystsona skal nyttast i balanse mellom vern av areal- og naturressursar. Planen kan heimla motsegn på kulturmiljøfeltet, dersom måla for planen vert vesentleg satt til sides. Delmåla for berekraftig arealbruk og for strandsona, har eit klårt mål om at verdifulle kystlandskap, kulturminne og kulturmiljø skal sikrast. I dei generelle retningslinene i punkt 2.7, står det at «Verneverdige einskildbygningar og kulturmiljø skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressursar. Sjøbruksmiljø er ein viktig del av kystkulturen, og må ivaretakast særskilt.» Omsynet til vern av sjøbruksmiljøa har regional interesse, og ein føremålstenleg avgrensing av desse miljøa i arealplanlegginga i kommunane er avgjerande for at regionale interesser på kulturmiljøfeltet vert ivaretatt.

Det er positivt at fleire av sjøbruksmiljøa verdisett i kulturmiljøplanen vert tatt inn i KPA med omsynssone, mellom anna Bakkasund, Vestrevågen, Øklandsvågen og Ølnavågen. Tolkninga og avgrensinga av dei fleste sjøbruksmiljøa som vert foreslått med underliggande H570-sona i KPA, er jamvel i fleire tilfelle basert på eit for snevert avgrensa område. Framgangsmåten i etableringa av H570 soner KPA Austevoll ser ut til å ha vore at ein har tatt utgangspunkt i sjøhusa, og trekt ei linje rundt desse. For at ein skal unngå ein fragmenteringa av heilskapeleg bevarte sjøbruksmiljø, er det viktig at ein i avgrensinga av sjøbruksmiljøa tek med bevarte bustadmiljø, ferdsleårar, opne areal for

hagar eller åkerlappar, og eventuelle strukturar knytt til tettstaddanning med grunnlag i sjøbruk og fiskeri. Den nære samanhengen mellom bustad og næring, og arealbruken på land og bruken av strandsona, er ein vesentleg del av den materielle kulturhistoria knytt til kystkulturen i regionen. Avgrensinga av H570-sonar kor slike samanhengar er bevart er i forslaget til ny KPA ikkje gjort på ein måte som vernar om det regionale interessene knytt til kulturmiljøa.

Bergen Sjøfartsmuseum

ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til kulturminnelova marinarkeologisk uttale i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen.

Bergens Sjøfartsmuseum oppmodar Austevoll kommune om følgjande:

- å sørgje for at planlagde områdedisponeringar som omfattar sjøareal har en klausul i kommunedelplanens forskrifter om at de skal utreies med regulerings- eller byggeplan, og dermed lagt fram for museet for uttale via fylkeskommunen.
- å sørge for at kommunedelplanens føresegn har eit påbod om at alle planlagde enkelttiltak som skal utførast i sjø skal leggjast fram for Bergens Sjøfartsmuseum for uttale via fylkeskommunen.

Saksutgreiing til motsegnspunkta:

Arealkategori - LNFR- Spreidd

I forarbeida og lovkommentar til plandelen av plan- og bygningsloven av 2008 vart det løfta fram at kommunane trong ordningar som la til rette for gjennomføring av aktuelle tiltak knytt til «LNFR sprett bebyggelse». Føremålet med arealet var at kommunane ikkje skulle trenge ytterlegare dispensasjonshandsaming.

Etablert praksis har gjort at kommunaldepartementet i 2020 kom med ein rettleiar for bruk av LNFR spreidd. Prosessen med enkeltsakshandsaming er mest aktuelt for små tiltak i eksisterande spreidd bebyggelse, ein eller to nye bustadar/fritidsbustadar eller mindre næringsbebyggelse. Når det *LNFR spreidd bebyggelse* i kommuneplanen vert lagt opp til at avklaringar etter andre sektorlover, her kulturminnelova, først skal verta gjort i samband med ei aktuell byggesak, vil dette etter krava i PBL til bruken av formålet «spredd bebyggelse» pbl § 11-7 nr. 5 bokstav b) ikkje vera oppfylt.

Når Austevoll kommune set av eit nytt område til LNFR - sprett bebyggelse i kommuneplanen, skal det vera dokumentert om tiltaket kan koma i konflikt med viktige sektorinteresser slik som t.d. kulturminne-/miljø. Fylkeskommunen legg vekt på at vurderingane i konsekvensvurderinga skal gjera kommunen sjølv i stand til å ta stilling til, og ha ansvar for arealbruksføremåla, og syta for at desse er avklart i samsvar med anna lovverk. Det er difor ikkje høve til å skyve konsekvensutgreiinga eller vurderingar i frå denne, over til byggesak (enkeltsakshandsaming). Når fylkeskommunen er delegert kulturminnemynde har me ved godkjenning av KPA alt akseptert areal «spreidd bebyggelse», dette har Vestland fylkeskommune ikkje høve til, då det ikkje er høve til å ta atterhald for kulturminne ved type arealbruk.

Fylkeskommunen har motsegn til føresegnene § 2-13 (e), 2-14 (3) og 12 grunna manglande avklaring av vurdering av kulturminneverdiane for LNFR spreidd bebyggelse jf. rettleiar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet mai 2020. Motsegn gjeld for areal etter vurderingar i konsekvensutgreiinga har uttalt potensial for kulturminne (sjå tabell).

Motsegn vert trekt når Austevoll kommune tek inn i føresegnene krav til avklaring/registrering av kulturminneverdiane i heile areala jf. tabell før utbygging kan starte.

Nordre Årland. Bustad (Innspel 4)

Forslaget til arealendring er til bustad. Er i gjelände KPA avsett til LNFR, LNFR spreidd bustad og Fritidsog turistføremål. Lengst nord i arealet avsett til bustad ligg eit automatisk freda kulturminne id 97289. Kulturminnet er ein bustadlokalitet frå steinalder, ut i frå høgd over havet er den i frå pionerbusetnaden i landet. Lokaliteten ligg på ei flate i eit nord-sør gåande daldrag. Høgd over havet er mellom 15-18 meter.



I gjeldande kommuneplan ligg lokaliteten i areal vist som LNFR og innspel endrar dette til framtidig boligbebyggelse (1110), i samband med politisk handsaming i Austevoll vart areal for bustad redusert, lokaliteten ligg no inne i eit lite LNFR areal. KU viser til at det ikkje er direkte konflikt med kjent automatisk freda kulturminne. Vestland fylkeskommune vurderer ikkje konflikt slik, framtidig arealbruk vil verka utilbørleg skjemmande på kulturminnet, i tillegg skal dei nasjonale måla i kulturmiljøpolitikken verka styrande.


Arealgrepet som er gjort løyser ikkje graden av konflikt eller innfrir heller ikkje dei nasjonale måla på kulturminnefeltet. lokaliteten er frå pionerbusetnaden og det vil vera potensial for ytterlegare funn i daldraget, noko som også KU viser til.

Vestland fylkeskommune finn at framtidig arealbruk er i konflikt med nasjonale mål i kulturminnepolitikken, tiltak vil verka utilbørleg skjemmande på kulturlandskapet lokaliteten ligg i og det er potensial for ytterlegare funn. Me fremjar slik motsegn til endringsforslaget. Motsegn vert trekt når kommuneplanen viser daldraget som LNFR med overliggande vernesone.

Møkster Fritidsbustader (innspel 6)

Vestland fylkeskommune vise til at det i samband med ein reguleringsplan i 2007 vart påvist fleire automatisk freda kulturminne i planområdet. Hordaland fylkeskommune fremja alt då motsegn pga. manglande omsynssoner, saksnummer 200709338-17.

Kommunen ønsker no å endra planen til fritidsbustader i frå gjeldande kommuneplan der arealet er sett av som LNFR og LNFR spreidd bustad. Vestland fylkeskommune ser at ei endring av arealføremålet vil kome i sterk konflikt med nasjonale kulturminneverdiane i området.



Gjeldande KPA viser arealet som LNFR og LNFR spreidd der reguleringsplan for hyttefeltet dekker det arealet som potensielt kan byggast ut. Godkjent reguleringsplan har avsett areal som spesialområde vern rundt lokalitetane, der endringsforslag er i konflikt med alt kjente og regulerte omsyn.

Vidare utviding av framtidig fritidsbustader 1120- fritidsbebyggelse og 1170 Fritids- og turistformål, kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Motsegn fell bort når arealbruksføremålet er justert i høve til avgrensinga vist i den nasjonale kulturminnedatabasen.

Vestland fylkeskommune finn at framtidig arealbruk er i konflikt med nasjonale mål i kulturminnepolitikken, tiltak vil verka utilbørleg skjemma på kjent og alt regulerte kulturminne. Det er og potensial for ytterlegare funn. Fylkeskommunen fremjar slik motsegn til endringsforslaget.

Molo til Heggjevikskjeret og naust og fritid- og turistføremål langs på molo og på land (innspel 8).

Tiltaket gjeld å endre arealføremålet til: Andre typar bygg og anlegg (molo, fritid- og turistføremål), og småbåtanlegg. Er i dagens KPA avsett til hamneområde i sjø og LNFR på land. Delar av areal på land er i dag regulert til LNFR. Forslag til endring i KPA kjem i konflikt med omsyn til registrerte automatisk freda kulturminne Id 133624-1, 133630-1, 133635-1.

Vestland fylkeskommune finn at framtidig arealbruk er i konflikt med nasjonale mål i kulturminnepolitikken, tiltak vil verka utilbørleg skjemma på lokalitetane som er kjent. Det er og potensial for ytterlegare funn. Fylkeskommunen fremjar slik motsegn til endringsforslaget.

Møkster. Bustad, fritidsbustad og naust (innspel 11)

Endring til sentrumsføremål. Er i dagens KPA avsett til næring, LNFR spreitt og LNFR. Arealet er i dag ikkje regulert, i gjeldande KPA er Naustvågen sett av til framtidig fritids- og turistføremål, det same er strandlina ved Stovholmsundet. Kommunen ynskjer no å utvide arealet inn på Skattneset og endre dette frå LNFR spreidd til sentrumsføremål (1130). Flyfoto frå 2020 viser eit opent landskap, der føreslått endring ligg på eit eksponert del av neset. Her er i dag få tiltak og stor grad av ivaretatt strandsone.

Vestland fylkeskommune ser at slik endringsgrensa ligg føre vil ei arealgrense opne for tiltak som kan utilbørleg skjemma det automatisk freda kulturminnet id 25766. KU viser samla vurdering til sterk negativ verknad. Vestland fylkeskommune finn at framtidig arealbruk er i konflikt med

nasjonale mål i kulturminnepolitikken, tiltak vil verka utilbørleg skjemmande på lokalitetane som er kjent. Det er og potensial for ytterlegare funn. Fylkeskommunen fremjar slik motsegn til endringsforslaget.

Møkster - justering og endring av eksisterande LNFR spreidd på Møkster (Id 0102_010)

Arealbruken bustad kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne og omsynet til desse. Det må slik leggst til grunn at særlege omsyn må visast gjennom omsynssone H570 med egne føresegner.




Austevoll kommune har endra eksisterande LNFR spreidd på Møkster (Id 0102_010) både i utstrekning, men og til arealbruksføremål Bustad. Endringa kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne Id 222498 og Id 6690 og uavklart kulturminnelokalitet Id 118555.

Motsegn fell bort når arealbruksføremålet er justert for å unngå direkte konflikt. Kommuneplanen må og få omsynssone H570 med føresegner knytt til dei automatisk freda kulturminne.

Stolmavågen/Våge/Stangeland (innspel 3, 4, 57, 68, 0104_006, 0104_038, 0104_040, og 0104_042)

Stolmavågen og omkringliggjande bygningar og miljø på Våge er eit svært godt bevart heilskapleg kulturmiljø som syner tettstadsdanning, bustadar, og byggjemønster i dei større sjøbruksmiljøa. Det er relativt sjeldsynt med heilskaplege kulturmiljø kor det er bevart leselege koplingar mellom sjøhusmiljøet og bustadmiljø. Området har regional kulturminneinteresse ved at samanhengar er bevart og uttrykker regionalhistoriske hovudtrekk ved kystkulturen i Vestland.



Foreslått omsynssone H570 for bevaring av kulturmiljø femner berre om sjøhusa i Stolmavågen. Arealforslaga legg opp til utvikling av eit bygdesentrum og nye bustadar i området utan ein føremålstenleg arealplan som kan sikra regionale kulturmiljøinteresser i området. PBL § 11-5 og §11-8 stillar som krav at det i samband med arealdisponeringa i nødvendig utstrekning skal visast korleis viktige omsyn vert ivaretekne.

Det er knytt motsegn til arealforslaga fordi dei opnar for tiltak som ikkje er koordinert og som samla sett kan gi stor negativ verknad på regionale kulturmiljøinteresser. PBL §11-9 heimlar at kommunen kan vedta føresegnar om at det stillast krav til områdereglingsplan for visse areal og visse typar tiltak.